

Bygdeblad

mai 2012

Bygdesentralen /Frivilligsentralen



Tlf. 35024868 mob 48237791
bygdesentralen@hjartdalsbygda.no
www.hjartdalsbygda.no

Innhald:

Drivstoffanlegget

Kulturlandskapsenteret

Ljåtreff

Dugnad

Skyttarlaget

Historielaget

Pensjonistlaget

Misjonshuset

Nordbø

17. mai

Turistinformasjonen

Aktivitetsskveld

Møtekalender

Røde Kors

HIL

Biblioteket



Ja, no går det mot Slåttefestival

Legg deg i hardtrening med

ljà og handverk!



Hei og hå!

Ja, no er drivstoffanlegget i gang og offisielt opna. Laurdag 14. april vart det opna med utefest på Bruluten. Det var ca. 100 bygdefolk som møtte opp, kjempebra!

Sven Tore opna anlegget og fortalte litt om historia rundt det. Olav Tho heldt tale, og fortalte litt frå planleggenga og kommunens bidrag. Ken Skeie og Tor Djupedal fekk blomar frå kommunen på vegne av sine styre. Heile anlegget er ein kjempedugnad frå bygdefolket. Ansvarlege for anlegget kytte av samarbeidet med dei ansvarlege i Hjartdal.

Vidare var det var det gratis pølse og lompe og marsipankake til alle. Frivilligsentralen hadde ansvaret for bevertning, og det vart konkurransar for vaksne og born, i alt ein triveleg ettermiddag.



Aktuelle oppdrag og aktiviteter:

- ☼ Årbok for Nordisk Kulturlandskapsforbund: Temanummer Telemark.
- ☼ Nordisk nettside om kulturlandskap.
- ☼ Handlingsplan for slåttemark (Fylkesmannen): Skjøtselsplanar i Telemark, Buskerud og Vestfold, samt div. administrasjon.
- ☼ Slåtteengprosjekt Hjordal-Svartdal.
- ☼ Forvaltingsplan for kulturlandskap i Hjordal-Svartdal: Samle, komplettere og gjera tidlegare og nyare registreringar og planarbeid meir tilgjengeleg.
- ☼ Skjøtselsplanar for kulturlandskap i Brattefjell-Vindeggen.
- ☼ Opplegg for mottak av grupper (studentar, pensjonistar, fagurar, turistar).
- ☼ Eit meir «fysisk» kulturlandskapsenter: Få på plass utstillingsdel, oppgradere stignett og få opp fleire infotavler i samband med dette, ev. også noko telefon- og internettbasert guiding.
- ☼ Ljåslåttkurs (sommar).
- ☼ Kurs i restaurering av gamle lauvingstre (haust).
- ☼ Undervisingsopplegg for grunnskulen.
- ☼ Kulturprogram for skule og bornehage.
- ☼ Utvikling av Sogelandet i retning fysiske sogelandsstader/formidlingspunkt.

Ingvill Marit Buen Garnås

Tlf: 971 87 758 alle vekedagar

www.kulturlandskapsenteret.no

Fortset neste side

Ljåtreff på Gamleskulen

Onsdag 2. mai kl. 18.00-20.00

Me ynskjer kunnskapar om tilverking og bruk av gode gamledagse ljåar. Veit du litt om dette, eller vil du lære litt, så kom!

Torbjørn Haugen er i gang med å lage orv og *Gaute Midtbøen* med å smi blad til 20 langljåar og 20 stuttljåar for Kulturlandskapssenteret og Evju Bygdetun. Direktoratet for naturforvaltning har løyvd midlar til arbeidet.

På dette treffet er handverkarane interesserte i å få inn kunnskapar og dele litt erfaringar med arbeidet så langt. Det handlar om tilverking av orv, materialbruk, smiing av blad, montering og bruk.

Noko av produksjonen vil bli vist fram under Slåttefestivalen, og me vonar også at det blir noko produksjon for sal etterkvart.

Enkel servering av kaffi og noko attåt.

Mvh. Kulturlandskapssenteret/Ingvill, tlf. 97187758

Hjartdal Skyttarlag

Trening / Prøvetaking 2012

20., 23. og 30. mai

3., 6. og 10. juni

5., 8., 12., 15. og 19. august

9., 19. og 23. september

Onsdagar kl. 18.00

Sundagar kl. 14.00

Venlegast møt til tida, og vel møtt!

Det kan og førekoma trening utanom dei annonsera tidene.

Styret

Dugnad på Bygdesentralen

7. mai kl.17.00 har me dugnad på Bygdesentralen, både ute og inne.

Bli med og ta i eit tak, så me kan få det fint rundt oss.

Me serverer kaffi og kake

Ta med reiskap til arbeid ute og inne.

Lise

Hjartdal historielag

Tur til Telemark Museum (Brekkeparken) i Skien

laurdag 2. juni

Mange gamle gjenstandar frå Hjartdal, Sauland og Tuddal ligg i magasina på museet i Skien. Desse blir ikkje til vanleg synt fram, men denne dagen blir mykje henta opp frå magasinet. Vi får sjå ting som tidlegare var i heimane i bygdene her omkring, og vi får høyre historia dei har å fortelje. Det kan bli særst interessant.

Vi vil og få omvising på museets ”Telemarkutstilling”. Her kan ein m.a. sjå den gamle innreiinga frå Sisjord i Hjartdal.

Etterpå blir det servera lunsj på kafeen i parken.

Før heimreise får vi omvising i fleire av dei gamle husa i parken. Her kan nemnast Årestugu frå Vinje og Lynnevikstugu med rosemåling av Knut H. Hovde frå Tuddal og Tveitenstugu frå Heddal.

Vi vonar det vil bli ein fin tur og håpar mange vil vera med.

Det blir buss frå Saulandstunet klokka 09.30 og vi reknar med å vera attende ca. klokka 18.00.

Pris for medlemmer er 300 kr, for andre (ikkje-medlemmer) er prisen 400 kr.

Påmelding til Torkel Hytta, tlf: 35023150 eller Torgunn Opsal, tlf:35023310 innan fredag 25.05. Ver tidleg ute med å sikre deg ein plass. Det kan fort bli fullt.

Pensjonistlaget

Opplysning frå Hjartdal pensjonistlag:

* 8. mai møtet er avlyst

* 10. mai: Brekkeparken. Den europeiske aktivitetsdagen.

Det vert avertert nærare i avisa.

* 26. juni: Lavvofest på Tverrslaget. Sauland og Tuddal blir med.

Her blir det nok moro, sett av tida og bli med! Meir om dette seinare.

MISJONSHUSET

Tysd.08.05. kl. 19.00: Møte kl. 19.00 m. Kristian Espeland.

Tysd. 22.05. kl. 19.00: Møte.

KVINNEMISJONSLAGET NMS

har møte kvar fyrste torsdag i månaden kl.11.00

Kontaktperson: Helga Tho

NORMISJONS VENNER

månd.07.05.kl 19.30 hos Tordis Løkslid



NORDBØ PENSJONAT

Kaféen holder stengt til 26. april.

Åpningstider mai 2012:


torsdag - mandag kl. 11.00 - 19.00

Ellers er vi åpen på bestilling.

Hver TORSDAG i mai:

Dagens middag inkl. kaffe kr. 110,-

Hver torsdag i mai (unntatt 17. mai) serverer vi hjemmelagde kjøttkaker, brun saus, ertepuré, poteter og tyttebær.



17. mai kl. 14.00 – 19.00

Velkommen til 17. mai buffet på Nordbø Pensjonat med kalde og varme retter, samt dessertbuffet. Vi serverer blant annet elggryte, svin ytrefilet, kyllinglår og wienerpølser, salater, sauser og poteter.

Pris per person:

voksen: kr. 280,-

barn (7-12år): kr. 140,-

barn (0-6år): gratis.

Dessuten får alle barn som spiser opp maten sin gratis is!

Sommarjobb i Turistinformasjonen?

Me søker etter personar som kan sita i Turistinformasjonen i sommar.

Me opnar turistinfoen ca. midt i juni, eller frå 23. juni om det passar betre. Turistinformasjonen skal vera open til ca. 10 august.

Har du spørsmål og er interessert, ta kontakt med Lise på

Bygdesentralen; Ring tlf. 48237791 eller kom innom.

Håpar å få på plass betjeninga innan fyrste halvdel av mai.

Lise

Aktivitetsekveld på Bruluten

Frivilligsentralen m/fleire byr inn til aktivitetsekveld på Bruluten

21. mai kl. 18.00

Me ordnar grill, du tek med grillmat og drikke.

Her blir det leik og moro for hjartdølar i alle aldrar.

I tillegg til dette, kan me prate litt kring temaet forskjønning av nærområdet rundt butikken, Bruluten og vegen opp til skulen.

Møt opp, ta del i denne planlegginga og ein hyggeleg kveld!

Møtekalender

<u>Dato</u>	<u>Aktivitet, stad</u>	<u>Kl.</u>
<u>2/5</u>	<u>Ljåtreff på gamleskulen</u>	<u>18.00</u>
<u>7/5</u>	<u>Dugnad på bygdesentralen</u>	<u>17.00</u>
<u>7/5</u>	<u>Normisjonens venner hjå Tordis Løkslid</u>	<u>19.30</u>
<u>8/5</u>	<u>Årsmøte Hjartdalsbygda, Nordbø</u>	<u>19.00</u>
<u>10/5</u>	<u>Pensjonistlaget, Betel</u>	<u>12.00</u>
<u>10/5</u>	<u>Pensjonistlagets tur til Brekkeparken, Skien</u>	
<u>17/5</u>	<u>17. maifeiring på Bergtun, sjå annonse</u>	
<u>21/5</u>	<u>Aktivitetsskveld, Bruluten, sjå annonse</u>	<u>18.00</u>
<u>23/5</u>	<u>Handarbeidsskveld, Bygdesentralen</u>	<u>18.00</u>
<u>2/6</u>	<u>Historielagets tur til Brekkeparken, sjå annonse</u>	
<u>26/6</u>	<u>Lavvofest på Tverrslaget, Pensjonistlaget</u>	

Årsmøte i Hjartdalsbygda A/S

Årsmøte i Hjartdalsbygda A/S 8 mai kl. 19.00

på Nordbø pensjonat

17. maiprogrammet i Hjartdal

10.00 Gudsteneste i kyrkja

10.45 Folketog til Bergtun

Korpset spelar

Minneord ved Olav Våle

12.00 Festsamling på Bergtun

Tale for dagen: Henry Mæland

Hjartdal barnegospel

Anne Karin Slåtta med band

Kveding og munnharpe: Magnhild,

Ingvill Marit og Arnt Magne frå Uppi-Guthus


Hardingfele: Halvor Hjartsjø

Matsservering og kollekt

Sal av kioskvarer og ballongar

Leikar for alle

Velkomen!



Røde Kors

Vi i Hjartdal Røde Kors ønsker å få kontakt med personer som kunne tenke seg å stille opp som frivillig. Fra tid til annen hender det at leiteksjoner går over flere dager, og da må vi ofte bruke av egne mannskaper til dette, noe som gjør at vi har mindre ressurser å sette inn der det trengs. Oppgaver som de frivillige kan utføre: Transport av mannskaper og utstyr, utkjøring av mat, bevertning på Rødekorshuset for å nevne noe. Det stilles ingen krav til de frivillige, kun at de mener å ha litt tid til overs. Ta kontakt!

Hjartdal Røde Kors v. Lena A Teigen

E-post: le.andersson@online.no

Hjartdal idrettslag

Basaren blir **SØNDAG 13. mai kl. 17.00** på Bergtun.

Bidrag og gaver tas i mot på Bergtun fra kl. 16.00 samme dag.

TINFOS-løpet 11. mai kl. 1800

Å eller løp 5 eller 10 km og bli med på mulig pengepremier til HIL. Vi vil ha så mange med som mulig, ett lag består av 10 personer på den korte løypa (5 km) og 5 personer på den lange løypa (10 km). Eneste kravet for at laginnsatsen teller til premietrekning er at alle på laget fullfører (ikke tiden din). Bli med og bli litt kjent på Notodden! Hvor mange lag kan Hjartdal klare? I fjor hadde vi 3, i år klarer vi.... Si fra til Øivind Larsen at du vil være med; tlf 90 582351.

Turgruppa kommer i løpet av mai med en plan. Kom gjerne med turforslag og ønsker til aktivitet.

Fotballssesongen er i gang. Hilde Busk og Hanne Lofthus drar lasset her. Trening på onsdager på Bergtun.

Hjartdalsdressen kan bestilles og prøves i løpet av basaren. Det finnes både T-skjorter, shorts, løpebukse og småsaker - ypperlige julegaver! Det er lang bestillingstid, slik at de som vil ha dressen til sommeren, må benytte denne sjansen. Ta ev. kontakt med Guro Dølen Haugan, tlf. 994 70 935

Følg med på www.hjartdalil.no

Ruth G. Haug

+ 47 91 39 20 67

ruth.haug@lns.no



Biblioteket

Biblioteket har ope kvar onsdag frå kl. 16.00 til kl. 19.00.

Er det bøker som du har lyst til å lese og som ikkje står i hylla, spør Ellen, og ho skaffar dei!

Har du bøker som skulle vore levert, kan du også levere dei inn til frivilligsentralen når den er open. Frivilligsentralen kan også låne ut bøker i si opningstid.

*Dess fleire som låner bøker,
dess lenger får me halde på
biblioteket i bygda!*



Handarbeidskveldar på Bygdesentralen

Handarbeidskveldar der du tek med handarbeid og me kokar kaffi. Ellen inspirerer mange med sine fine ting. Kom innom, og du fær sjå flott handarbeid!

Fyrste kveld no er: 23. mai kl. 18.00.

